

Sak nr	Utval	Møtedato
16/16	Ungdomsrådet	06.06.2016
16/16	Eldrerådet	06.06.2016
17/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.06.2016
85/16	Formannskapet	08.06.2016
88/16	Formannskapet	22.06.2016
85/16	Kommunestyret	29.06.2016

ENDELEG VEDTAK I SAK OM KOMMUNEREFORM- SKODJE KOMMUNE

Formannskapet

22.06.2016

Handsaming:

Følgjande korrigeringar må gjerast i intensjonsavtalen, då dette var avtalt i forhandlingsmøtet, men utegløymt i dokumentet:

Informasjon spesielt knytt til målform i den nye kommunen stod i den første intensjonsavtalen. Dette vedlegget skal også følge den reviderte intensjonsavtalen.

Forhandlingsutvala vart einige om at fellesnemnda skal ha minimum 3 representantar pr. kommune, i intensjonsavtalen er "minimum" utegløymd.

Arbeidsgruppa for kommunereform har allereie gitt tilbakemelding til forhandlingsutvala og regionrådet om skrivefeil i høve økonomiske målsetjingar:

Brutto driftsresultat: 3 % skal sjølvstilt vere NETTO driftsresultat. Debatten var knytt til netto, så det er felles forståing, men feil ord i avtalen.

Karoline Stette (SP) sette fram følgjande forslag:

1. Formannskapet innstiller på å godkjenne den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.
2. Forhandlingsutvalet fortsett forhandlingar i landkommunealternativet, Storfjord kommune, og ved ein eventuell intensjonsavtale likestiller dei to alternativa.

Votering

Votering over Karoline Stette sitt punkt 1 i forslag til innstilling:

Votering: Samrøystes vedtatt

Votering over Karoline Stette sitt punkt 2 i forslag til innstilling:

Votering: To for, fem i mot

Votering over arbeidsgruppa for kommunereform si innstilling:

Votering: Fem for, to i mot

Innstilling/vedtak:

FORMANNSKAPET SI INNSTILLING:

Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.

Skodje kommunestyre vedtek å etablere ei ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet om nye Ålesund kommune

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

06.06.2016

Handsaming:

Rådmann Bente Glomset Vikhagen orienterte og svarte på spørsmål. Assisterande rådmann Kristian Skålhavn, helsefagleg ansvarleg Per Løkkeborg og leiar av KE Camilla Almås svarte og på spørsmål. Desse tok ordet i saka: Håkon Hildre, Modolf Hareide, Aase Bolstad og Anne Lise Tellnes. Anne Lise Tellnes måtte gå før saka var ferdig handsama.

Innstilling/vedtak:

RFMN meiner at i ein spissa intensjonsavtale er følgande viktig for menneske med nedsatt funksjonsevne i Skodje:

- Sikre god og forutsigbare tenesteyting til dei mest sårbare gruppene. Bygging av robuste fagmiljø må ikkje gå på bekostning av geografisk nærleik til tenestene. Dette må i så fall kompenseras med ambulant tenesteyting.

- Alle innbyggjarar i den nye kommunen må sikrast likeverdig tilbod/tilgong til alle tenester i den nye kommunen, t.d. psykiatriteneste inkludert lavterskeltilbod, fysio/ergoterapiteneste, rusoppfølging, PPT, heimebasert omsorg og kulturtilbod/kulturskule.

- Organiseringa av Prestemarka bu og dagtilbod skal oppretthaldast og vidareutviklast i ei ny kommune. Prestemarka som geografisk område har stort utviklingspotensiale i høve kommunal tenesteyting.

Eldrerådet

06.06.2016

Handsaming:

Rådmann Bente Glomset Vikhagen orienterte om kor ein står i saka. Desse tok ordet i saka: Kirsti Strand, Gunnar Hauge, ass. Rådmann Kristian Skålhavn, Camilla Almås, Per Løkkeborg

Innstilling/vedtak:

Eldrerådet tek orienteringa frå Rådmannen til vitande. Eldrerådet ønsker å verte halden orientert

når nye intensjonsavtalar ligg føre, og ev. kome uttale til desse.

Ungdomsrådet

06.06.2016

Handsaming:

Innstilling/vedtak:

Ungdomsrådet si uttale:

Skodje har meir med Ålesund å gjere enn kommunane i landkommunemodellen. Det vil m.a. vere ei meir fornuftig løysing for ungdom i Skodje dersom ein kan få ei ordning "Trygt heim for ein 50-lapp" som også innbefattar Ålesundsområdet.

Kulturtilbodet til ungdom på Skodje vil bli betre dersom dei også har tilgang til tilbod i eit større område, gjerne kulturtilbodet i Ålesundsområdet.

Skodje ungdomsråd meiner difor at Skodje kommune bør bli ei ny kommune saman med Ålesund kommune og andre kommunar som vil gå saman med dei.

Kommunestyret

29.06.2016

Handsaming:

Rådmannen orienterte.

Desse tok ordet: Kari Grindvik (V), Modolf Hareide (SP), Geir Ove Leite (AP), Leif Glomset (H), Ragnhild Stette (SP), Terje Vadset (FRP), Gunnar Hauge (KRF), John Ola Røstad (FRP), Per Egil Håhjem (H), Dag Olav Tennfjord (H), Sherryl Lynn Spencer (H)

Senterpartiet sette fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune under føresetnad av at Haram kommune blir teken ut av avtalen.
2. Skodje kommunestyre godkjenner utkast til intensjonsavtale mellom Skodje, Ørskog og Stordal kommune. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta opp nye forhandlingar om samansettinga av fellesnemda.
3. Rådmannen skal snarast mogleg utarbeide oversikt over økonomiske nøkkeltal i dei kommunane som intensjonsavtalane omfattar samt kommunane sin økonomiplan.
4. Skodje kommunestyre gjev forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp forhandlingar med aktuelle kommunar i tråd med tidlegare vedtak når situasjonen ligg til rette for det.

Votering

Senterpartiet ønskjer at framlegget til Senterpartiet skal voterast punktvis.

Votering over røysteform over framlegget til Senterpartiet: 6 for, 15 imot

Prøvevotering over framlegget framsett av Senterpartiet: 6 for, 15 imot

Endeleg votering over framlegget framsett av senterpartiet: 6 for, 15 imot

Prøvevotering over første ledd i innstillinga frå formannskapet: 13 for, 8 imot

Endeleg votering over første ledd i innstillinga frå formannskapet; 13 for, 8 imot.

Prøvevotering over andre ledd i innstillinga frå formannskapet: 13 for, 8 imot

Endeleg votering over andre ledd i innstillinga frå formannskapet: 13 for, 8 imot

Innstilling/vedtak:

Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.

Skodje kommunestyre vedtek å etablere ein ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet om nye Ålesund kommune

Innhald

[Bakgrunn for saka](#)

[Oppdrag frå Stortinget](#)

[Utgreiingar som er gjennomført i Skodje kommune:](#)

[Intensjonsavtalar](#)

[Høyring av innbyggjarane](#)

[Samandrag frå innbyggjarundersøking Skodje kommune 25.april – 3.mai 2016:](#)

[Rådgjevande folkerøysting 19. mai](#)

[Høyring etter kunngjering:](#)

[Fakta om kommunereform og økonomi](#)

[Vurdering:](#)

[1. \[Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane\]\(#\)](#)

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

2 Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

4. Styrke lokaldemokratiet og gje større kommuner flere oppgaver

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

5. Vurdering knytt til resultatet frå innbyggjarhøyringane:

Oppsummering:

Bakgrunn for saka

Oppdrag frå Stortinget

Stortinget gjorde 18. juni 2014 eit vedtak som inneber at det skal gjennomførast ei kommunereform i Noreg. Siktemålet er at Stortinget skal behandle forslag til ny kommunestruktur og ev. nye oppgåver våren 2017.

Skodje kommune har utgreidd ulike alternativ, signert to intensjonsavtalar, og vil i denne saka gjere vedtak om ønskja samanslåingsalternativ. Dette vedtaket vert sendt til fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 1. juli 2016, og vil danne grunnlag for fylkesmannen sin tilråding til statsråden.

Utgreiingane Skodje kommune har delteke i har teke utgangspunkt i regjeringa sine fire hovudmålsetjingar for reforma:

1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
4. Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.

Utgreiingar som er gjennomført i Skodje kommune:

1. [Skodje som eigen kommune](#)
2. [Regionkommune Sunnmøre/ Ålesund kommune](#)
3. [Landkommune/ Storfjord kommune -Tilleggsrapport frå Telemarksforsking](#)

Med bakgrunn i utgreiingsarbeidet vedtok Skodje kommunestyre i [sak om retningsvalg](#) 27. januar 2016 følgjande:

1. *Skodje kommune skal starte forhandlingar med kommunar som ønskjer å etablere ei størst*

mogeleg regionkommune på Sunnmøre.

2. Skodje kommune skal starte forhandlingar med kommunar som ønskjer å etablere ei størst mogeleg landkommune på Sunnmøre.

3. Målet med forhandlingane er å kome fram til intensjonsavtale som dannar grunnlaget for å høyre innbyggjarane.

4. Intensjonsavtalen saman med resultatet av innbyggjarhøyringa skal gje kommunestyret grunnlag til å fatte vedtak om ny kommunestruktur innan utgangen av juni 2016

Intensjonsavtalar

Forhandlingane med dei to alternativa resulterte i intensjonsavtalane som no har titlane: [Ålesund kommune](#) og [Storfjord kommune](#). Desse vart handsama i Skodje kommunestyre 6. April 2016 med følgjande vedtak:

K-sak 37/16:

Skodje kommunestyre tok intensjonsavtalen om etableringa av "Ålesund kommune" til vitande og vedtok at innbyggjarane skal høyrast om denne.

K-sak 38/16

Skodje kommunestyre tok intensjonsavtalen om etablering av "Storfjord kommune" til vitande og vedtok at innbyggjarane skal høyrast om denne.

Høyring av innbyggjarane

Inndelingslova § 10 seier at innbyggjarane bør høyrast før kommunestyrene gjer vedtak om ei eventuell samanslåing. Slike høyringar kan skje ved folkeavstemming, opinionsundersøkingar, møter eller liknande. Juridisk sett er ikkje kommunane pålagt å halde innbyggjarhøyring, og kommunane står i tilfelle fritt til å velje metode.

Skodje kommune har tidleg i prosessen delteke i to innbyggjarundersøkingar i 2014 og 2015, gjennomført for sunnmørskommunane av Scentio. Undersøkinga for 2015 var ei oppfølging av tilsvarande undersøking gjennomført i oktober 2014, og var retta mot befolkninga i dei 19 kommunane som høyrer inn under Sunnmøre regionråd.

Undersøkingane i sin heilskap kan lesast her:

Innbyggjarundersøking 2014:

<https://www.skodje.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=275&FIId=4844>

Innbyggjarundersøking 2015:

<https://www.skodje.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=275&FIId=4843>

Desse to undersøkinga viste at ei overvekt av innbyggjarane var positiv til å bli ein del av ei større kommune.

16. mars 2016, i K-sak 29/16 vedtok Skodje kommunestyre korleis innbyggjarane skulle høyrast før endeleg vedtak ([Saksutgreiing- innbyggjarhøyring](#))

Utdrag frå vedtaket:

Innbyggjarane skal høyrast gjennom innbyggjarundersøking. Undersøkinga skal inkludere innbyggjarar fødd i 1999 og 2000 i tillegg til myndige innbyggjarar. Undersøkinga skal omfatte 300 respondentar.

*Innbyggjarane skal høyrast gjennom høyring etter kunngjering.
Innbyggjarane skal høyrast gjennom rådgjevande folkerøysting, som også inkluderer dei som er fødd i 1999 og 2000.*

Samandrag frå innbyggjarundersøking Skodje kommune 25.april – 3.mai 2016:

Bakgrunn og mål: Kartleggje haldningar og kunnskap knytt til kommunereforma blant innbyggjarane i Skodje kommune

Målgruppe: Representativitet

- Målgruppa, 16 år og eldre, kan identifiserast i sentralt befolkningsregister
- I kvart område av kommunen blir det trekt eit tilfeldig utval, der alle har same muligheit til å bli valt
- Utvalet blir med andre ord tilrettelagt ved sannsynsutval
- Vidare blir det vekta på kjønn og alder slik at utvalet i undersøkinga speglar folkesamansetnaden i kommunen

Talet på respondentar (n=): 300

Syner jamm fordeling på kjønn, alder, utdanning og butid i Skodje.

Metode: Telefonundersøking (CATI)

Vekting: Resultata er vekta på kjønn og alder

Tidspunkt for datainnsamling: 25. april – 3. mai 2016

Kommunesamanslåing har stått på agendaen dei siste åra. Det er 50 år sidan siste kommunereform og mykje har skjedd når det gjeld oppgåver og ansvar sidan den gong. Stortinget har gjeitt tilslutning om å gjennomføre ei ny kommunereform som skal gje ny kommunestruktur og nye oppgåver til kommunane. Målet er større og meir robuste kommunar. Dette blir rekna som nødvendig for å møte morgondagen sine utfordringar og stadig aukande forventningar hos innbyggjarane.

Ei innbyggjarhøyring, som verktøy i kommunereforma,

- 1)Gjev innspel og kunnskap, blant anna til dei folkevalde, om kva innbyggjarane i kommunen er opptekne av og kor dei kjenner tilhøyring
- 2)Identifiserer synet til innbyggjarane på kommune-samanslåing
- 3)Fører til auka merksemd om kommunereforma og hevar innbyggjarane sitt engasjement rundt reforma

Råmateriale, innsamla gjennom telefonundersøkinga, er gått nøye igjennom av Opinion før vekting av data, vidare bearbeiding og rapportering.

Resultat:

Signifikant fleire meiner «Ålesund kommune» (52%) enn «Storfjord kommune» (38%) er best. 52% meiner det ikkje endrar deira standpunkt om ei eller fleire kommuner fell bort. Dei kommunane som flest meiner må vere med i eit samarbeid er Haram (46%), Ålesund (43%) i alternativ Ålesund kommune og Ørskog (63%) i alternativ Storfjord kommune.

Rapporten syner at nær halvparten (49%) av dei spurde har svært stor eller ganske stor interesse for kommunereforma.

Det er signifikant fleire enn dei som er ganske eller svært lite interessert. Meir enn kvar tredje innbyggjar (37 %) seier at dei verken har liten eller stor interesse for reforma. Dei over 45 år er meir interessert enn dei under 45 år. Dei mellom 16-19 år svarer i større grad en dei andre gruppene «verken eller».

47 % av innbyggjarane seier at dei er svært eller ganske positive til at Skodje kommune skal danne ein ny kommune med andre kommunar. Det er signifikant fleire enn dei som seier at dei er svært

eller ganske negative (24 %). Det er signifikant fleire over 45 år enn under 45 år som er svært positive, og det er signifikant fleire mellom 16-29 år enn i dei andre gruppene som seier verken negativ eller positiv.

31 % av innbyggjarane trur at ei endring i kommunestrukturen vil påverke kvardagen svært eller ganske mykje, mot 38 % som seier svært eller ganske lite. Skilnaden er *ikkje* statistisk signifikant. 29 % av innbyggjarane svarer verken lite eller mykje.

Det er ein tendens til at kvinner i større grad enn menn, og de under 45 år i større grad enn dei over 45 år svarer svært eller ganske mykje.

Når det gjeld kunnskap om intensjonsavtalane, er det flest i gruppa som svarer at dei har ikkje veit noko eller har høyrte litt om avtalane (40% for Ålesund og 49% for Storfjord). Den største gruppa er dei som har lest litt om avtalane (38 % for Ålesund og 29 % for Storfjord). Det er flest i gruppa med høgskuleutdanning som har lese delar eller heile avtalane.

I kva grad dei ulike alternativa oppfyller intensjonane for reforma framhevar innbyggjarane at dei har størst tiltru til alternativ Ålesund når det gjeld berekraftig og økonomisk robust kommune (45% mot 29%), samt heilskapsleg og samordna samfunnsutvikling (46% mot 24%). Når det gjeld gode og likeverdige tenester er det om lag same resultat for dei to alternativa med 36% for Ålesund og 34% for Storfjord, medan det for styrking av lokaldemokratiet derimot er størst tiltru til Storfjord kommune (49% mot 20% for Ålesund).

Konkrete prinsipp som innbyggjarane ønskjer skal bli lagt til grunn for den nye kommunen.

Den nye kommunen må ivareta eit aktivt og levande lokaldemokrati:	8,4
Alle geografiske områder i kommunen skal utviklast:	7,9
Den nye kommunen må sikre meir samordna nærings- og samfunnsutvikling:	7,9
Spesialiserte fagmiljø bør fordelast på dei tidlegare kommunesentera:	6,8

Fullstendig [Rapport frå innbyggjarundersøking gjennomført i mai 2016](#)

Rådgjevande folkerøysting 19. mai

Oppmøteprosent: 36,7%

Resultat:

Spørsmålsalternativa	Førehand	19. mai	Total
Eg ønskjer at Skodje kommune skal inngå avtale om kommunesamanslåing med kommunane i «Ålesund kommune»	24	520	544
Eg ønskjer at Skodje kommune skal inngå avtale om kommunesamanslåing med kommunane i «Storfjord kommune»	29	613	642
Eg røystar blankt	5	154	159
Totalt tal fordelt på spørsmålsalternativa	58	1287	1345

Fullstendig protokoll [Resultat frå folkerøystinga](#)

Høyring etter kunngjering:

Det kom ingen innspel gjennom høyring etter kunngjering.

Fakta om kommunereform og økonomi

1. Tilskot og støtteordningar ved kommunesamanslåing:

Det er i utgangspunktet inndelingslova § 15 som sette dei økonomiske rammene for kommunesamanslåingar. Utgangspunktet er at det gis «delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til samanslåingsprosessen. I ein overgangsperiode gir staten også kompensasjon for bortfall av rammetilskot».

Inndelingstilskot

Inntektssystemet består av fleire element, blant anna innbyggjartilskot. Innbyggjartilskot blir gitt med eit likt kronebeløp pr. innbyggjar (kr 22 668 i 2016). For å kompensere for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon, blir innbyggjartilskotet utjamna etter ein kostnadsnøkkel. Eit av elementa i denne kostnadsnøkkelen er «basiskriteriet». Basiskriteriet dekkjer i hovudsak administrative kostnader i kommunen. Basistilskotet er utforma slik at det gis eit like stort tilskot til kvar kommune, men slik at tilskotet pr. innbyggjar for den einskilde kommune blir større desto færre innbyggjarar kommunen har. For Skodje kommune utgjer basistilskotet for 2016 ca. 8,3 mill. kr av den totale utgiftsutjamninga på 13,7 mill. kr.

Ved ei kommunesamanslåing er det først og fremst basistilskotet for kvar av dei gamle kommunane som vil falle bort. Etter inndelingslova vil staten kompensere for bortfall av basistilskotet i ein overgangsperiode (inndelingstilskot). Lova seier ikkje noko om kor lang tid dette er. Regjeringa har uttalt at det inndelingstilskotet for kommunar som slår seg saman i kommunereforma, skal ta utgangspunkt i inntektssystemet for 2016. Vidare står det på regjeringas nettsider at inndelingstilskotet skal sikre full kompensasjon for tap av basistilskotet i 15 år (inkl. løns- og prisjustering), for deretter å bli trappa ned med 1/5 over 5 år. Etter 20 år fell inndelingstilskotet bort. Merk at regjeringa har uttalt at ordninga blir stramma inn etter reformperioden, både med tanke på omfang og innretning.

Eingongstilskot

Kommunar som slår seg saman får dekt eingongskostnader etter ein standardisert modell. 20 mill. kr er sett som eit grunnbeløp per samanslåing. Stønaden er differensiert etter talet på kommunar og talet på innbyggjarar i samanslåinga. Beløpet blir utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

Stønaden blir gitt etter følgjande modell:

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
2 kommuner	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommuner	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommuner	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller flere kommuner	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Reformstønad

Kommunar som slår seg saman vil få reformstønad. Stønaden går til alle kommunar med vedtak i reformperioden. Minstebeløpet er 5 mill. kr. Stønaden er differensiert etter innbyggjartal, og blir gitt utan søknad frå kommunane. Utbetaling finn stad samstundes med samanslåinga.

Stønaden blir gitt etter følgjande modell:

Antall innbyggere i sammenslåingen	Reformstøtte
0-14 999 innbyggere	5 millioner
15 000- 29 999 innbyggere	20 millioner
30 000- 49 999 innbyggere	25 millioner
Over 50 000 innbyggere	30 millioner

2. Endringer i kommunanes inntektssystem

Det er fleirtal i Stortinget for nytt inntektssystem for kommunane. Systemet legg opp til at det skal verte meir lønnsamt for kommunar å gå saman. Det nye inntektssystemet er lagt til grunn for kommuneproposisjonen for 2017.

I tabellen under er ei oppsummering av dei økonomiske konsekvensane av det nye inntektssystemet for Skodje kommune – føresett at kommunen ikkje vedtek å slå seg saman med andre kommunar. Alle tal er i faste 2016-prisar.

I korte trekk ser ein at kommunen taper ca. 4 mill. kr årleg på gradering av rammetilskotet. I kommuneproposisjonen 2017 har regjeringa sagt at inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar får ein større reduksjon i inntektene enn kr 300 pr. innbyggjar pr. år som følgje av endringa i inntektssystemet. Reduksjon over dette blir refundert gjennom INGAR. I praksis tyder dette på at kommunen får glatta effekten av det endra basistilskotet over to år.

[Meir om inntektssystemet finn du her](#)

Vurdering:

Arbeidsgruppa for kommunereform har gjort sine vurderingar av dei to alternativa med utgangspunkt i kva som er målsetjinga med reforma, og i lys av resultatet frå innbyggjarhøyringane og dei forskjellige utgreiingsrapportane.

1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

Regjeringa meiner at større kommunar med betre kapasitet og kompetanse vil leggje til rette for gode og likeverdige tenester over heile landet. Større fagmiljø vil gje meir stabile arbeidsmiljø, breidde i kompetansen og en breiare tiltaksportefølje, særleg i små og spesialiserte tenester.

For innbyggjarane er tenestene viktige. Dei er sjølv sagt opptekne av kvalitet, men og av lokalisering. Kvardagstenester som skular, barnehagar, omsorgstenester og andre bør, no og i framtida, liggje der folk bur. For innbyggjarane våre vert det truleg lite endringar på desse områda. Innanfor desse kvardagstenester eller basistjenester er også mange småkommunar i stand til å gje den kvaliteten som er forventa. Dersom det berre var desse tenestene vi skulle levere i framtida ville ikkje ei endring til færre og større kommunar vore like naudsynt. Slik er det ikkje. Kommunane skal fortsatt vere generalister, og alle som ein skal levere det same tenestespekteret. Dette betyr at alle kommunar, uansett storleik skal levere både basistjenester og spesialiserte tenester. I tillegg har kommunane fleire oppgåver enn å vere tenesteproducent. Kommunar har også ei samfunnsutviklarrolle, ei rolle som forvaltar av lokaldemokrati, og som utøvar av mynde.

Når det gjeld meir spesialiserte tenester ser ulikskapen mellom små og store kommunar ut til å verte større. Frå små kommunar som td ikkje har tilbod td innan rusomsorg, til store kommunar som har kompetente ressursteam inn imot dei svakaste gruppene. Der store kommunar har brei innbyggjardialog og ei lett tilgjengeleg og døgnåpen forvaltning, har mange små kommunar store utfordringar med å få ut det aller mest naudsynte på ei heimeside. Dette utfordrar dei grunnleggjande verdiane om likeverdige tenester til alle i heile Norge.

Robuste fagmiljø er eit omgrep som ofte har blitt nytta i samband med kommunereformdebatten. Eit robust fagmiljø vert og definert som eit miljø med fleire enn 5 tilsette innanfor eitt og same fagområde. Innanfor nokre av dei store tenesteområda kan også småkommunar fylle desse krava. Situasjonen er likevel slik at vi innanfor eit stort spekter av fagområde vil Storfjord kommune måtte ha mindre enn ei stilling per område. Dette betyr at ein enkelttilsett må sitje åleine med fagansvar for fleire område. Dette gjer dette alternativet svært sårbart. Innanfor sentraladministrasjon og teknisk avdeling har vi fleire slike løysingar i Skodje kommune i dag. Døme på dette er : lønn, fakturering, arkiv, planleggjing, byggjesak, politisk sekretariat, strategisk informasjonsarbeid. Ei samanslåing i Storfjord kommune vil ikkje kunne endre dette i noko særleg grad. Fleire av tenestene vil også framleis vere svært sårbare for fråver og for å kunne oppretthalde nok kvalitet og kompetanse til å gje innbyggjarane det dei har krav på spesielt innanfor små og spesialiserte tenester. Storfjord kommune vert avhengig av å framforhandle mange interkommunale samarbeid også i framtida. Ålesund kommune vil på den andre sida vere mindre sårbar. Kommunen er og stor nok til å kunne drive dagens og framtidens tenester innanfor eigen organisasjon.

Sjølv om det fortsatt vil vere nærleik til kvardagstenestene, vil enkelte oppleve at avstanden vert større enn i dag for å kunne samordne dei tenestene som krev det i ei ny kommune. I både Storfjordalternativet og i Ålesundalternativet vil det vere ein geografisk avstand innad i kommunen som kan medføre lengre avstand og redusert tilgjenge for innbyggjarane til dei tenestene som krev samordning. Her kan kvalitetane knytt til nærleik verte utfordra av kvalitetskrav knytt til større og dermed mindre sårbare fagmiljø. Der avstand på den eine sida vert opplevd som negativt kan det på den andre sida vere positivt då det kan redusere eventuelle habilitetsutfordringar.

Vurdering gjennomført av Skodje kommunestyre knytt til gode og likeverdige tenester til innbyggjarane:

Storfjord kommune		Ålesund kommune	
Fordelar	Ulemper	Fordelar	Ulemper
Ingen merkbar kapasitetsendring.	Fagmiljøa på den enkelte arbeidsplass vil ikkje bli større.	Ingen merkbar kapasitetsendring.	Fagmiljøa på den enkelte arb.plass blir ikkje større.
Litt lettare med intern kunnskapsoverføring ved t.d. jobbrotasjon.	Skal ha desentralisert struktur.	Kan oppnå betre spisskompetanse.	Tap av arbeidsplassar lokalt.Større avstandar for brukarane/innbyggjarane.
Kan oppnå litt betre spisskompetanse.	Større avstand til brukarane/innbyggjarane	Betre mulegheiter for intern kunnskapsoverføring.	Etter 15 år tilbake til dagens situasjon
Meir effektiv tenesteproduksjon kan oppnåast ved samling av tenestene/sentralisering.	Har for liten kapasitet på fleire område og er avhengig av interkommunalt samarbeid. Kan dermed miste politisk kontroll.	Meir effektiv tenesteproduksjon kan oppnåast ved samling av tenestene/sentralisering	Klarer vi å oppretthalde same gode kvalitet?
Kan få litt betre		Betre/effektiv styring som sikrar kvalitet	Store interne skilnadar knytt til lån og

økonomi (i 15 år). Nærleik til basistene. Alle delar av kommunen skal nyttast. Enklere å ha oversikt over kommunen sine tjenester.	Har ikkje same bu- og arbeidsmarknadsregion Stor skilnad på dei ulike kommunale kostnadane (skule og helse). Korleis samordne dette? Skilnadar på eigedomsskatt og kraftinntekter. Utfordrande å oppnå effektiv tenesteproduksjon pga spreidd busetnad, og små fagmiljø. Etter at inndelingstilskotet blir borte etter 15 år, blir økonomien dramatisk forverra. Mindre variert tenestetilbod.	likeverdige tilbod/tenester . Styrka fagmiljø Kommunen vil ha tilstrekkeleg og relevant kapasitet på fleire område. Større valfridom. Kan velje meir kvar ein vil nytte seg av dei ulike kommunale tenestene. Må ikkje vere i «eigen» kommune. Størrelsen gjer kommunen mindre sårbar for enkelte negative hendingar. Kommunen vil, etter at inndelingstilskuddet er borte om 15 år, få ein reduksjon i skatteinntektene som kan hentes inn ved effektivisering.	planlagde investeringar Stor usikkerheit knytt til vedlikehald og etterslep på kommunale bygningar og anna infrastruktur. Kan dette redusere den økonomiske val- og handlefridomen? Større avstand til ikkje stadbundne tenester Kan vere krevjande å ha full oversikt over en stor og kompleks organisasjon. Mindre oversikt og kontroll over lokale forhold.
--	---	--	--

1. Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Storfjord kommune vil ikkje i dag og i framtida vere robust nok til å kunne levere dei tenestene som vert forventa. Fagmiljøa vil ikkje verte store nok og fleire tenester må organiserast gjennom interkommunale

Ålesund kommune vil vere istand til å etablere store nok fagmiljø i eigen organisasjon, og til å tilby dei tenestene kommunane er lovpålagde å gje i eigen organisasjon

Utifrå målsetjingane med reforma og kriterium for god kommunestruktur vurderer arbeidsgruppa at Ålesund kommune som har dei beste føresetnadane til å sikre gode og likeverdige tenester til innbyggjarane i framtida

2 Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

Regjeringa har mål om at kommunesektoren skal bli betre i stand til å løyse nasjonale utfordringar. Reforma skal betre føresetnadane for ei styrka og samordna lokal og regional utvikling i alle delar av landet både når det gjeld arealbruk, samfunnsstryggleik- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og i tillegg den sosiale utviklinga i kommunen. Det er ønskeleg at kommunegrensene i større grad vert tilpassa naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Det er ikkje lenger samsvar mellom dagens kommunegrensar og den kvardagsregionen som innbyggjarane er ein del av. Vi som innbyggjarar har endra oss. Vi bur i éin kommune, men mykje av vårt kvardagsliv går på kryss og tvers av fleire kommunar: Vi kryssar kommunegrensene for å kome på arbeid, for å gå på videregående skule, for å gjere oss nytte av offentlege og private tenester, for å drive kulturelle aktivitetar og friluftsliv, og for å pleie sosiale relasjonar. Dersom kommunegrensene i framtida samsvarar meir med bu og arbeidsmarknadsregionen vil dette også

sikre at innbyggjarar får høve til demokratisk på verknad i det området dei oppheld seg i kvardagen.

Samordna planlegging er nøkkelen til vekst og utvikling i regionen. Samordna planlegging av infrastruktur, kollektivløysingar, sentrumsstruktur og arealdisponering er viktig. Dagens kommunestruktur har medført døme på fragmentert planlegging interne drakampar mellom kommunane. Dette er verken innbyggjarar, næringsliv eller ein samla region tent med.

Signa frå sentralt hald tydar på ei fortsatt auka satsing på byregionar. Alle regionar er avhengig av ein sterk by som spelar på lag med omlandet. Dette må sunnmøre arbeide med uavhengig av kommunereform. Ein bør likevel spørje seg om kommunereforma kan bidra til å styrke samspelet i regionen. Kan vi gjennom å endre kommunegrensene framstå som eit meir samla Sunnmøre i kampen om både kollektivsatsingar, infrastrukturløysingar og statlege arbeidsplassar?

I tabellen under kjem det fram kva for pendlarmønster som eksisterer mellom sunnmørskommunane. Fleire av kommunane har høy pendling til Ålesund, spesielt Skodje som har over 25 prosent. I tillegg kjem skuleelevar til vidaregåande skule og høgskule der majoriteten pendlar til Ålesund. (Om lag 200 personar)

Utpendling

SAMLET	55 126 ARBEIDS- TAKERE	49 328 PENDLER IKKE	1 056 OSLO	482 SKOKELEN SØR FOR 62° N	456 HERØY (M OG R.)	142 BERGEN	392 MOLDE	2 970 ANDRE
SKODJE	2 343 ARBEIDS- TAKERE	830 PENDLER IKKE	918 ÅLESUND	222 HARAM	76 ØRSKOG	32 OSLO	30 SULA	243 ANDRE
GISKE	4 175 ARBEIDS- TAKERE	2 089 PENDLER IKKE	1 536 ÅLESUND	66 HARAM	59 OSLO	57 SKOKELEN SØR FOR 62° N	36 ULSTEIN	330 ANDRE
HARAM	4 608 ARBEIDS- TAKERE	3 271 PENDLER IKKE	747 ÅLESUND	141 SKODJE	62 OSLO	45 ULSTEIN	41 SKOKELEN SØR FOR 62° N	361 ANDRE
NORDDAL	875 ARBEIDS- TAKERE	674 PENDLER IKKE	48 STRANDA	34 ÅLESUND	19 STORDAL	13 MOLDE	13 SYKKYLVEN	74 ANDRE
STORDAL	499 ARBEIDS- TAKERE	304 PENDLER IKKE	60 ÅLESUND	33 ØRSKOG	26 NORDDAL	19 STRANDA	12 SKODJE	45 ANDRE
SANDØY	654 ARBEIDS- TAKERE	568 PENDLER IKKE	15 ÅLESUND	12 MOLDE	10 HARAM	8 SKOKELEN SØR FOR 62° N	6 OSLO	35 ANDRE
ULSTEIN	4 466 ARBEIDS- TAKERE	3 053 PENDLER IKKE	359 HAREID	251 HERØY (M OG R.)	194 SANDE (M OG R.)	169 ÅLESUND	85 VOLDA	355 ANDRE
ØRSKOG	1 219 ARBEIDS- TAKERE	615 PENDLER IKKE	269 ÅLESUND	78 SKODJE	60 HARAM	32 STORDAL	27 MOLDE	138 ANDRE
SULA	4 663 ARBEIDS- TAKERE	2 046 PENDLER IKKE	1 921 ÅLESUND	72 OSLO	57 HARAM	48 ULSTEIN	43 BERGEN	476 ANDRE
SYKKYLVEN	4 095 ARBEIDS- TAKERE	3 318 PENDLER IKKE	339 ÅLESUND	87 STRANDA	61 OSLO	35 BERGEN	33 SKOKELEN SØR FOR 62° N	222 ANDRE
ÅLESUND	24 808 ARBEIDS- TAKERE	19 903 PENDLER IKKE	621 SULA	613 OSLO	404 HARAM	316 GISKE	297 SKODJE	2 654 ANDRE
HAREID	2 641 ARBEIDS- TAKERE	1 327 PENDLER IKKE	771 ULSTEIN	164 ÅLESUND	106 HERØY (M OG R.)	42 SKOKELEN SØR FOR 62° N	41 OSLO	191 ANDRE

Kommunane i Storfjord kommune inngår i 4 ulike bu- og arbeidsmarknadsregioner, og har lav arbeidsintegrasjon seg i mellom. Avstandane innad i en ny kommune vil være store, og med utgangspunkt i de store tettstadane er det reiseveg på over 45 minutt til fleire av tettstadane.

Vurdering gjennomført av Skodje kommunestyre knytt til samfunnsutviklarrolla i dei to alternativa

Storfjord kommune	Ålesund kommune
-------------------	-----------------

Fordelar	Ulemper	Fordelar	Ulemper
Skape felles identitet og samordna samfunns-og arealplanlegging.	«Særinteresser» frå dei «gamle» kommunane kan oppstå.	Skal ha strategi for å utvikle alle geografiske område.	Tap av lokalkunnskap.
Felles næringsplan for heile den nye kommunen. Heile kommunen i bruk.	3 «regionar» - Nordal, Stordal og Ørskog/Skodje.	Mange konkrete tiltak for å skape utvikling.	Sentralisering.
Lokalkunnskap.	Lite samsvar mellom pendleveg og prioriterte prosjekt for utbygging av vegar og utvikling av kollektivtransport.	Større region (bu, arbeid og serviceområde).	«Særinteresser» frå dei «gamle» kommunane kan oppstå. Kamp by mot land.
Større nærleik til samfunnsmessige utfordringar.	For lite tyngde til å gjennomføre samferdselsprosjekt.	Høgt innbyggjartal gir større gjennomslag overfor sentraladm., fylke og stat.	Vidareutvikling av grendene, svakare påverknad mot lokal administrasjon.
Lettare å få fram lokale prosjekt.	Svak påverknad mot sentrale myndigheiter.	Profesjonelle politikarar.	Mindre gjennomslagskraft for lokale prosjekt.
Mange konkrete tiltak nemnde for å skape utvikling, spesielt infrastruktur og samferdsel i heile kommunen.	Store skilnadar mellom dei delane med og utan vekst. Digerneset kan bli nedprioritert.	Felles næringsplan, samfunnsdel og arealplan for heile regionen. Skodje og Ålesund har felles ønske om å utvikle Digernesområdet.	For mange utkantar å prioritere.
Viser til viktigheita av samarbeid utover kommunegrensa.	Redusert mulegheit til å påverke planar og infrastruktur i og mot Ålesund, som er ein viktig del av Skodje sin bu- og arbeidsregion.	Kan sjå større heilskap som blant anna flyplass, sjukehus og høgskule.	Stor intern diskusjon om kva for samferdselsprosjekt ein skal prioritere først.
Sterk påverknad mot administrasjonen.	Vanskeleg å drive samfunnsutvikling i ei kommune med så sprikande utfordringar.	Kan ta på seg større oppgåver i framtida (frå både fylke og stat).	Avstand til avgjerder
Kort belutningsveg.		Setje press på samferdsel- og kollektivsatsing.	
God service.		Større tyngde.	
		Vil kunne opne for fleire arbeidsplassar i vårt område.	
		Samsvar mellom pendleveg og prioriterte prosjekt for utbygging av vegar og utvikling av kollektivtransport.	

2. Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Innbyggjarane i Skodje sitt pendlarmønster definerer oss som integrerte i Ålesund. Ålesund

kommune er ein naturleg del av våre innbyggjarar sin kvardagsregion. Dersom ein skal følgje regjeringa si oppmoding om å byggje kommunar som samsvarar meir med bu- og arbeidsmarknadsregionane vil det vere unaturleg å etablere ein ny kommune utan byen vår.

Utifrå målsetjingane med reforma og kriteria for god kommunestruktur vurderer arbeidsgruppa at det er Ålesund kommune som har dei beste føresetnadane til å ivareta heilskapleg og samordna planlegging til det beste for innbyggjarane og regionen.

3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

Større kommunar vil ha større ressursgrunnlag og kan og ha ei meir variert befolknings- og næringssamansetjing. Det gjer kommunane meir robuste ovanfor uforutsette hendingar og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar vil leggje til rette for ein meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer.

Telemarksforskning har utarbeidd ein sårbarhetsindikator for kommunane. Denne kan leggjast til grunn for å vurdere kommunane sin robustheit som lokalsamfunn knytt til uforutsette hendingar og utviklingstrekk. Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over korleis kommunane på sunnmøre vert vurdert.

SÅRBARHETSINDIKATOR

Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarksforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.



Målsetjinga om robustheit er og knytt til å kunne leggje til rette for effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer. Større kommunar har fleire mogelegheiter for samordning og samlokalisering av tenestene. Effektiv ressursbruk krev sjølvstøtt at ei evner å utnytte desse mogelegheitene. I ein politisk styrt organisasjon omhandlar dette også godt og tillitsbasert samspel mellom politikk og administrasjon. Det er vanskeleg å gi ei kvalifisert vurdering av om store kommunar er betre på dette enn små.

Små kommunar er gjennom inntektssystemte kompensert for å vere små. Større kommunar har mindre ressursar bevilga per innbyggjar. Samanlikningar er difor vanskeleg å gjennomføre. Det vi veit i dag er at Skodje kommune driv effektivt samanlikna med andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Vi ser og at oppgåvene veks utan at inntektene gjer det same. Det er ei årleg forventa effektivisering innarbeidd i statsbudsjettet frå år til år. Kommunane må altså i framtida ha stor endrings og innovasjonskapasitet.

Vurdering gjennomført av Skodje kommunestyre knytt til berekraftige og økonomisk robuste kommunar

Storfjord kommune		Ålesund kommune	
Fordelar	Ulemper	Fordelar	Ulemper
Litt betre inntekter i 15 år+.	Etter 15 år svært uviss.	Betre inntekter i 15 år+.	Etter 15 år svært uviss.
Gjelda på eit nivå som kan tolast.	Fare for feilinvesteringar i overgangsperioden.	Status quo i overføringar.	Tyngande gjeld.
Ikkje på ROBEK	For liten til å ta større investeringar.	Samordning av funksjonar.	ROBEK vil sette begrensingar på handlefridomen.
Samordning av funksjonar, effektivisering	Investeringar i infrastruktur som ikke bidreg til effektiv drift.	Effektivisering, truleg i større grad enn med Storfjord.	Bygningsmasse, alder og vedlikeholdsbehov?
Bra bygningsmasse?	Ulik demografiutvikling	Kan få fleire framtidig heilskapleg investeringar. Treng ikkje investere det same i alle dei gamle kommunane.	Fare for feilinvesteringar i overgangsperioden.
	Store skilnadar i behov. Skodje har befolkningsauke, mens dei andre står stille eller har nedgang.	Store delar av kommunen har befolkningsvekst.	Utarming av utkantane?
	Skilnadar knytt til eigedomsskatt og kraftinntekter.	Har same positive utfordringane.	Ueinige om kvar ein skal satse og kva ein skal prioritere.
	Svak økonomi, høg gjeld pr innbygger.	Meir berekraftig på lang sikt, ettersom større kommuner kjem betre ut i det nye skattesystemet.	Lav lokal økonomisk handlefridom.
	Sårbar økonomi		

3. Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Det er likt truleg at kravet til omstilling og effektivisering vil avta. Dette krev høg kompetanse og innovasjonskraft i kommunane. Arbeidsgruppa for kommunereform vurderer mindre kommunar som meir sårbar ved uføresette samfunnsmessige og økonomiske endringar . Ei større kommune vil i dag og i framtida ha eit større handlingsrom og mogelegheit til effektivisering og omstilling. I lys av dette ser ein alternativet, Ålesund kommune, som det mest framtidsretta.

4. Styrke lokaldemokratiet og gje større kommuner flere oppgaver

Regjeringa meiner at større og meir robuste kommunar bør få fleire oppgåver. Dette vil gje auka makt og mynde til kommunane, og dermed auka lokalt sjølvstyre. Større kommunar vil og redusere behovet for interkommunale løysningar. Færre og større kommunar som gjennomfører ein velferdspolitik i samsvar med nasjonale mål, vil redusere behovet for statleg detaljstyring. Kommunane vil slik få større fridom til å prioritere og tilpasse velferdstilbodet til innbyggjarane sine behov.

Det er ikkje lenger samsvar mellom dei oppgåvene kommunane skal løyse og evna til å løyse dei innanfor eigne kommunegrenser. Stadig fleire oppgåver vert løyst gjennom interkommunale samarbeid. Felles for desse samarbeida er at oppgåvene og ansvaret blir flytta ut av kommunen og kommunen mister den direkte styringa. Skal noko bli endra i kvantitet og kvalitet på tenestene, kan den enkelte kommune ikkje endre på dette utan at avtalen blir endra og alle partar er samde om endringa. Skodje kommune deltek i dag i over 30 slike interkommunale samarbeid. Eit for omfattande interkommunalt samarbeid gjev idag eit demokratisk underskot og er ressurskrevjande å følge opp.

I tabellen under fins ei oversikt over fleire av dei lovpålagde oppgåvene Skodje kommune skal gje innbyggjarane. Oversikta er ikkje uttømmende, men gjev eit bilde på at store dela av drifta vår, utover det som kan definerast som kvardagstenester, løyser vi i samarbeid med andre kommunar.

Teneste	Åleine eller saman med andre kommunar
Grunnskule og SFO	Skodje
Barnehage	Skodje
Kulturskule	SKodje
Legeteneste	SKodje
Helsesøsterteneste	Skodje
Psykiatrisk sjukepleie	Skodje
Fysioterapi	Skodje
Jordmorteneste	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Institusjonsplass	Skodje (Kjøp av arbeidskraft frå byrå i periodar)
Heimebasert omsorg og heimetenester	Skodje (Kjøp av arbeidskraft frå byrå i

	periodar
Bu – og dagtilbod til menneske med utvida omsorgsbehov Skodje	(Kjøp av tilbod frå verna bedrifter)
Pedagogisk Psykologisk Tenester (PPT)	Skodje, Ørskog, Stordal, Nordal
Barnevernstenester	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Sosialhjelpstenester NAV	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Busetjing av flyktningar	Skodje og Ørskog
Lansbruksforvaltning	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Brannvern 1	Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Nordda
Legevaktsamarbeid	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Ålesund, Haram, Sykkylven, Giske
IKT- Infrastruktur og drift av informasjons og kommunikasjonsteknologi (E-kommune)	Skodje, Ørskog, Norddal, Haram, Giske, Sula, Sandøy, Ålesund
Skatteinnkreving	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Ørskog og Ålesund
Innkjøpssamarbeid i felles innkjøpskontor	Ålesund, Sandøy, Haram, Vestnes, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Skodje, Sula og Giske
Krisesenter for sunnmøre	Ålesund, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal, Norddal, Vanylven, Sandøy, Stranda og Sykkylven.
Overgrepsmottak	Ålesund, Ulstein, Giske, Sula, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Volda, Herøy og Sande.
Advokattjenester innen barnevern	Ålesund og omlandskommunar
Kjøp av juridiske tenester generellt	Ålesund, Kjøp frå private
Renovasjonstenester gjennom ÅRIM	Vestnes , Giske , Haram , Norddal , Sandøy , Skodje, Stordal, Stranda , Sula , Sykkylven , Ørskog , Ålesund
Sunnmøre regionråd (IKS) med ei rekke samarbeidsprosjekt innan:	Helse, Barnevern, Forvaltning, Oppveks, Samfunnsutvikling (LUK), ENØK, Studietilbod-desentraliserte Skodje, Ålesund, Ørskog, Haram, Stordal, Nordal, Stranda, Sykkylven, Sandøy, Giske, Sula, Vanylven, Ulstein, Hærøy, Sande, Vestnes, Hareid, Ørsta, Volda

Demokrati og medverknad:

Demokrati handlar og om å skape arenaer for deltaking og meningsytring mellom val. I tillegg til det representative demokratiet vil alle former for deltaking som omfattar politisk diskusjon inngå i kommunen si rolle som demokratisk arena. Dette føreset eit aktivt organisasjonsliv, så vel som ei oppegåande lokal presse.

Nyare former for deltaking er kommunal tilrettelegging for brukarmedverknad og brukarstyring. I tillegg til dette utgjer dei meir spontane formene for deltaking, som underskriftsaksjonar, direkte aksjonar, digitale sosiale nettverk, kontakt og henvendingar til politikarane, også ein viktig del av den lokale politiske arenaen.

Ekspertutvalet sine kriterier til den demokratiske arenaen:

- høg politisk deltaking
- lokal politisk styring
- lokal identitet
- brei oppgåveportefølgje og statleg rammestyring

Spørsmålet er korleis vi skal klare å ivareta dette om vi skal vere ein del av ei større kommune? Kva kommunestruktur /styringsstruktur vil kunne oppretthalde/styrke lokaldemokratiet? Kan vi tenke oss at vi vidarefører dagens politiske ordning eller må vi tenke nytt?

Kommunestørrelse i seg sjølv gjev ikkje betre eller dårlegere lokaldemokrati, sier rapporten «Kommunestørrelse og lokaldemokrati» som KS – Kommunesektorens organisasjon kom med i 2014. Det er mogleg å oppnå gode resultat både i små og store kommuner, men små og store kommuner har ulike demokratiske kvaliteter. Same rapport syner at eit ekstra nivå i form av en nærdemokratiordning kan gjere det enklare for innbyggjarane å få dialog med politikarane. Samtidig bidreg ei slik ordning til at politikarane får innspel fra ulike delar av kommunen og dermed auka legitimitet for vedtak som vert fatta.

Danmark har erfaringar fra kommunereformarbeid vi kan lære av. I 2007 gikk man i Danmark fra å ha 275 til 98 kommunar. Evalueringen Økonomi- og innenriksministeriet i Danmark gjennomførte i 2013 viste at reforma har styrka den desentraliserte danske modellen. Målet med modellen er at beslutningane skal takast mest mogleg lokalt og tett på borgarane. Endringar inneber altså moglegheiter. Det viktig å ha med seg at kommunereforma skal omhandle meir enn å endre geografiske grenser. Både styringsform, antal politikarar, samt arbeidsformer som kan ivareta demokratiet betre bør reformerast i ei ny kommune. Alle aktørar har moglegheit for å påverke dette i tida framover.

Mengda av interkommunale samarbeid gjev i dag eit demokratisk underskot. Ein stor del av inntektene til Skodje kommune vert med dette tildelt tenester og samarbeid vi ikkje har same styring med som dei vi driv i eigen organisasjon. Dette avgrensar det lokalpolitiske handlingsrommet. Dersom målet er at ei ny kommune skal ha færrest mogleg interkommunale samarbeid er ei stort mogleg regionkommune på Sunnmøre det mest aktuelle alternativet. Landkommunemodellen består av kommunar vi i dag har ein del interkommunale samarbeid med. Det vil likevel vere ei rekke oppgåver dette alternativet ikkje driv tenester innanfor i dag. Ein vil då vere avhengig av at det er vilje frå andre kommunar om å vidareføre interkommunale samarbeid. Det er knytt usikkerhet til kva for vilkår som vil ligge til grunn for eventuelle reforhandla avtalar om dette i framtida.

Vurdering gjennomført av Skodje kommunestyre knytt til lokaldemokrati og medverknad

Storfjord kommune		Ålesund kommune	
Fordelar	Ulemper	Fordelar	Ulemper
Aktiv medverknad frå innbyggjarar, lag, næringsliv m.m. mellom val.	Færre komm.styrerepresentantar.	Kommunedelsutval (lokal forankring)	Betydeleg færre komm.styrepolitikarar. Politisk underskot.
Formannskapsmodell m.hovudutval.	«Sektorpolitikarar»	Må sjå meir heilskap, ikkje berre grender og bydelar.	Maktoverføring frå politikk til administrasjon.
Noko fleire kommunestyre-representantar pr innbyggjar	For nær kopling mellom politikarar og veljarar kan føre til meir inhabilitet.	Heiltidspolitikarar som kan gå meir i djupna	Komplisert å få til fungerande komm.delsutval (mynde/engasjement/økonomi).
Kjenner eigne politikarar. Lettare å ta direkte kontakt.	Fare for bygdelister.	Ikke for nære relasjonar til innbyggjarane i høve avgjerder.	Mangel på lokal identitet.
Veit kvar «skoen» trykkjer.	For få personar å velje mellom til å sitje i ulike råd og utval.	Ein større kommune vil kunne avvikle mange interkommunale samarbeid, og drive det i eigen regi med betre demokratisk kontroll.	Ikkje fagutval.
Kort avgjerdsveg.	Må oppretthalde fleire interkommunale samarbeid/selskap.	Fleire politiske parti vil få representasjon i eit større kommunestyre.	Vanskeleg å få direkte kontakt med t.d. ordførar.
Meir påverknadskraft/medverknad for ålmenta.	Færre politiske parti vil få representasjon.	Vil bli lettare å rekruttere personar til politisk arbeid.	For store forhold, for store avstander.
			Mindre påverknadskraft/medverknad for ålmenta.
			Større fysisk avstand til kommunestyresalen.

4. Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Arbeidsgruppa for kommunereform meiner at eit levande lokaldemokrati ikkje er avhengig av storleik på ei kommune. Både Storfjord kommune og Ålesund kommune vil kunne sikre dette ved å ta i bruk nye modellar og arbeidsformer. Arbeidsgruppa meiner likevel det er ein viktig demokratisk verdi å la innbyggjarane få påverke i det området dei oppheld seg mest i kvardagen. For innbyggjarane i Skodje er dette Ålesundsregionen.

5. Vurdering knytt til resultatet frå innbyggjarhøyringane:

Folkeavrøystinga hadde lav deltaking. Arbeidsgruppa for kommunereform meiner at ei deltaking

på 36,7% svekker grunnlaget for å ta dette som råd.

Innbyggjarundersøkinga er representativ og gjev eit nyansert bilete av innbyggjarane si meining. Resultatet stadfestar at eit fleirtal av innbyggjarane meiner at Skodje kommune bør inngå i eit samarbeid med andre om å danne ei ny kommune. Signifikant fleire meiner «Ålesund kommune» (52%) enn «Storfjord kommune» (38%) er best. 52% meiner det ikkje endrar deira standpunkt om ei eller fleire kommuner fell bort. Arbeidsgruppa for kommunereform meiner at det signifikante fleirtalet for Ålesund kommune gjev grunnlag for å nytte resultatet som eit representativt råd frå innbyggjarane om at Ålesund kommune er å foretrekke framfor Storfjord kommune

Oppsummering:

Endringar i kommunestruktur må ha eit langsiktig perspektiv. Dette er ei velferdsreform som skal sikre ein berekraftig velferdsstat for framtidige generasjonar. Vi veit at vi har ein nasjonal økonomi i endring, ei stadig aldrande befolkning, og stadig fleire pensjonistar per arbeidsfør innbyggjar. Dette krev samordning og god ressursutnytting.

Ingen kan seie med sikkerheit korleis den nye kommunen vert. Tanken om at «vi veit kva vi har men ikkje kva vi får» er naturleg å tenkje. Mange ting er usikkert om framtida. Det einaste sikre er at mykje vil bli endra. Uavhengig av reforma vil ikkje nokon kunne fortsette som før. Både oppgåver kommunane får tildelt og inntekssystemet vil medføre endringar for alle, også dei som vedtek å fortsetje som eigen kommune. Måla med reforma skal sikre vidare velferd i Norge, og inntektssystemet er endra for å sikre at måla vert nådd. Dette betyr at småkommunar i framtida får vilkår det er vanskeleg å leve med.

Dagens kommunestruktur har medført døme på fragmentert planlegging og interne drakampar mellom kommunane. Dette er verken innbyggjarar, næringsliv eller ein samla region tent med. Gjennom å aliere seg med andre kommunar, inkludert Ålesund, vil ein kunne posisjonere seg i forhold til andre regionar som i dag vann kampen om høgutdanna hushaldningar og avanserte bedrifter. Signal frå sentralt hald tyder og på ei fortsatt auka satsing på vekstkraftige byregionar. Samordna planlegging er nøkkelen til å kome med i denne satsinga.

Det fins fordelar og ulemper med både små og store kommunar. Gjennom utgreiingsprosessane har ein forsøkt å avdekke både sterke og svake sider ved dagens struktur. På denne måten kan eit lettare setje inn avbøtande tiltak der trusslane vert opplevd som store.

I heile utgreiingsprosessen har det vore knytt uvisse til kva for kommunar som til slutt vil stå att i dei to alternativa. Denne uvissa står vi ovanfor også på noverande tidspunkt. Folkerøystingar og innbyggjarundersøkingar seier sitt, samtidig veit vi at desse berre er rådgjevande.

Uvisse er difor knytt til: Kva vil kommunestyra til sjuande og sist vedta, kva vil fylkesmannen tilrå, og kva vil Stortinget vedta.

Skodje kommunestyre står difor ovanfor eit val blant to alternativ som begge er usikre i si form. Alternativa har likevel tydelege skilnader. Uavhengig av kor mange kommunar som vert ein del av dei to alternativa meiner arbeidsgruppa for kommunereform at dei vurderingane som er gjort i denne saka er gyldige.

INNSTILLING:

ARBEIDSGRUPPA FOR KOMMUNEREFORM SI INNSTILLING:

Skodje kommunestyre vedtek å etablere ei ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet om nye Ålesund kommune

Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.

Skodje kommunestyre vedtek å etablere ein ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet om nye Ålesund kommune

1. Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune under føresetnad av at Haram kommune blir teken ut av avtalen.
2. Skodje kommunestyre godkjenner utkast til intensjonsavtale mellom Skodje, Ørskog og Stordal kommune. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta opp nye forhandlingar om samansettinga av fellesnemda.
3. Rådmannen skal snarast mogleg utarbeide oversikt over økonomiske nøkkeltal i dei kommunane som intensjonsavtalane omfattar samt kommunane sin økonomiplan.
4. Skodje kommunestyre gjev forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp forhandlingar med aktuelle kommunar i tråd med tidlegare vedtak når situasjonen ligg til rette for det.